



Rekneskapsrapport pr mars 2024

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:
210

Arkivsaksnr.:
23/8260

JournalpostID:
24/27837

Saksnr: 62/2024	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato: 30.05.2024
---------------------------	--	----------------------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr mars 2024 til orientering.

Bjørnafjorden, den 24.04.2024

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Prognose pr mars viser at kommunen kan få eit overforbruk på ca. 29 mill. kr i 2024. Dette er nesten dobbelt så mykje som prognosen pr. februar og skuldast m.a. at det er gjort eit overslag på kostnadene knytt til årets lønsoppgjer på bakgrunn av forhandlingsresultatet i frontfaga. Overslaget tilseier at summen som er avsett til å dekke utgiftene vil vere ca. 10 mill. kr for lav. Vi vil kome tilbake med meir nøyaktige tal når lønsoppgjeret i kommunal sektor er ferdig. Også auka kostnader/manglande innsparingar i Oppvekst og Helse- og velferd gjer at prognosen i mars blir dårlegare enn i februar. Eit lyspunkt er at finansinntektene ser bra ut så langt.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gir styringsinformasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen.

Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

Folkehelse:

Folkehelse: Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

Saksutgreiing: OM RAPPORTEN

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr mars er for løns-intensive einingar er ca. 27%. Kolonna Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventa meir- /eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

FRIE INNTEKTER

Prognose for 2024: Frie inntekter ser ut til å gå i balanse i 2024.

Frie inntekter omfattar rammetilskot frå staten, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter.

Kommunen sine skatteinntekter har pr mars ein vekst på 5,3% i forhold til same periode i fjor. Tal for landet viser ein vekst på 2,3% pr mars. Skatteinntektene for 2024 er budsjettert i tråd med statsbudsjettet for 2024. Ev. meir- eller mindreinntekter vil først vise seg nokre månader fram i tid.

Andre generelle driftsinntekter omfattar, rentekompensasjon frå Husbanken, utdeling frå havbruksfondet og integreringstilskot flyktningar.

Rentekompensasjon frå Husbanken kjem først i slutten av desember, det er ikkje venta negative avvik på denne. Budsjettert inntekt vedr Havbruksfondet er kr 8.000.000. Utbetaling frå Havbruksfondet kjem i 4. kvartal. I 2023 fekk kommunen kr 11.006.774.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Integreringstilskot til flyktningar er budsjettert med kr 72.076.000 og er såleis blitt ein stor budsjettpost for kommunen. Utgiftene til integrering av flyktningar er budsjettert i sektorane sine budsjett, og skal dekke integrering av dei flyktningane kommunen allereie har tatt i mot samt 20 nye personar. Mottak av nye flyktningar ut over dette vil gje auka integreringstilskot som vil måtte brukast til å dekke auka integreringsutgifter i sektorane.

FINANS

Prognose for 2024: Finans kan få ei meirinntekt på ca. 6,6 mill. kr i 2024.

Prognose for meirinntekt er knytt til avkastning på langsiktig finansportefølje pr mars 2024. Dette er ei usikker inntekt som vil forandre seg mykje gjennom året, og det er avkastninga 31.12.2024 som vil bli ståande i rekneskapen for 2024.

Kommunen sine renteutgifter er realistisk budsjettert, og det er pr no ingenting som tyder på at renteutgiftene ikkje vil halde seg innafor budsjett.

FELLESOMRÅDE

Prognose for 2024: Fellesområde kan få ein meirutgift på ca. 10 mill. kr 2024.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Fellesutgifter omfattar m.a. post for dekning av årets lønsoppgjjer, utgifter til tillitsvalde, forsikringar av tilsette, tilskot til kyrkja og diverse andre utgifter som ikkje naturleg høyrer heime på sektorane. Årets lønsoppgjjer for kommunesektoren er i skrivande stund ikkje starta, men forhandlingane for frontfaga er ferdige, med ei ramme på 5,2%. Overslag vi har gjort ut frå dette tilseier at summen som er avsett til å dekke utgiftene i samband med årets lønsoppgjjer vil vere for liten, sjølv om den er nesten dobla i forhold til budsjett 2023. Pr no ser det ut til at meirutgiftene vil bli inntil 10 mill. kr høgare enn budsjettert. Vi vil kome tilbake med meir nøyaktige tal når lønsoppgjjeret i kommunal sektor er ferdig.

Kommunen sine pensjonsutgifter er budsjettert i samsvar med pensjonsleverandørane sine prognosar for 2024. Lønsoppgjjeret for tilsette og pensjonistar vil påverke reguleringspremien for pensjon. Dersom det blir eit godt lønsoppgjjer i år er det ein risiko for at pensjonsutgiftene blir høgare enn budsjettert. Vi trur likevel ikkje at vi kjem opp i slike summer som i 2023.

Det som kan utgjere ein risiko er at vi må utgiftsføre fjorårets positive premieavvik på 101,9 mill. kr. Vi har avsett 42,5 mill. kr til å dekke desse utgiftene, resten av avsetninga måtte vi stryke i samband med avslutning av rekneskapen for 2023. Vi er dermed avhengige av eit positivt premieavvik også i 2024 for å kome ut i balanse.

Det er budsjettert med 65,8 mill. kr i bruk av premiefond for å saldere budsjettet for 2024.

STAB

Prognose for 2024: Stab ser ut til å kunne gå i balanse i 2024.

Stab består av Sentral leiing, økonomiavdelinga og HR avdelinga, inkl. IT.

Stab heldt seg innafor tildelte i budsjetttrammer i 2023 etter å ha vore gjennom ei kraftig «slanking» dei siste åra. Så langt ser drifta ut til å halde seg innafor budsjettet også i 2024.

OPPVEKST

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Prognose for 2024: Oppvekst kan få eit overforbruk på ca. 5,5 mill. kr i 2024.

Oppvekst rapporterer om mogeleg meirforbruk på 5,5 millionar knytt til barnehage og skule. Det er tidleg på året og det er fleire risikofaktorar. Desse er omtala under det enkelte område.

Skular

Skuleområdet melder om meirforbruk på ca. 2,5 millionar. Det blir arbeida med å realisere nedtrekk i budsjetta (Omstilling 25). Det blir rapportert om særleg stram drift i skulane. Lønnskostnader ligg høgare enn måtalet på 27,3% i mars, også etter at vi har korrigert med refusjonar på sjukemeldte og dei som er i permisjonar. Meirforbruket er knytt til vikarbruk utan refusjon, dette er som oftast korttidsfråvær (inntil 16 dagar fråvær) og utgjør til saman 1,9 millionar.

I budsjett 2024 ligg det innsparingstiltak knytt til å justere finansieringsmodell for å ta ned meirforbruket vi har hatt dei føregåande åra knytt til elevar med store hjelpebehov. Det ligg eit innsparingskrav på 5 millionar for skuleåret 2024-25, der 2,3 millionar ligg til haust 24. Ut frå elevmassen vi har i skulen per i dag vurderer vi dette til å være urealistisk og vi har lagt opp til å ta innsparinga fordelt over 3 semester, og ikkje 2. Dette gir innsparing på 1,67 millionar, som er 600 000 lågare enn i budsjettet. Vi melder difor 600 000 i meirforbruk per no, men her er vi særleg uroa for at meirforbruket vil auke. Ut frå det vi ser per i dag er det fleire elevar som kjem inn med store hjelpebehov enn dei som går ut 10 trinn, og behovet hos enkeltelevar har auka. Dei stramme rammene i skulane gir ikkje rom for fleksibilitet og for å sikre at elevane får det dei har krav på er det sannsynleg at meirforbruket knytt til elevar med store hjelpebehov vil auke. Som del av rapporteringa i første tertial vil vi gi eit grundigare bilete av ressursituasjonen på dette feltet.

Andre driftskostnader og inntekter er i henhold til budsjett.

Familiens hus

Det er stort fokus på å halde budsjett og kostnader nedei heile organisasjonen. Store deler av oppgåvene i "huset" er knytt til lovpålagde oppgåver. Det er særleg risiko for lovbrøt i PPT, der ein ikkje klarer å halde fristar for sakkunnige vurderingar. Her er ein i gang med eit arbeid for å sjå på korleis ein skal klare dette i tida som kjem. Samla for Familiens hus er det økonomisk usikkerheit knytt til auka kostnader for fagsystema i Familiens hus og mangelfulle/låge driftsbudsjett knytt til avdelingar/einingar. Det blir ikkje varsla meirforbruk per no.

Det er gjennomført omstillingar i tråd med budsjettvedtak for og dei fleste tiltaka er realisert. Forventa økonomisk effekt er noko mindre inneverande år då ein først får full effekt av fleire nedtrekk i oktober pga. av at det er innvilga to sluttpakkar. Alle tiltaka får heilårseffekt frå 2025.

Barnevernstenester

Barnevernet melder om balanse, men det er usikkerheit knytt til nokre punkt:

Institusjonsplasseringar, forsterka fosterheim og bruk av MST er blant kostnadsdrivarane i Barnevernstenesta. Tiltak i bruk per i dag ligg innfor budsjett. Men utviklinga knytt til ungdom med behov for omfattande oppfølging ser ut til å auke.

Per i dag har Barnevernet fleire saker for nemnda som har kosta mykje knytt til juridisk bistand. Det er risiko for overforbruk knytt til juridisk bistand i saker om omsorgsovertaking.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Det ligg eit nedtrekk på fosterheimar i omstilling 25 som det blir vanskeleg å realisere. Utgifter til fosterheim har auka i 2023 og dette dreg vi med oss inn i 2024. Dette heng saman med endringar i betaling for fosterheimsoppdrag og at fleire fosterforeldre ønskjer fri-kjøp og har relativt høge lønningar frå tidlegare. Vi har også ein del familiar der det er behov for 50% fosterheim. Vi jobbar med å finne gode økonomiske løysingar for dette.

Vi har ikkje klart å redusere privatkjøp så mykje som ønska. Vi har hatt fleire svært alvorlege sakar, kor det har vore nødvendig å sette inn tilsyn på kveldstid og helg.

Barn, unge og familiar

Eininga ser ut til å drifte i balanse, men det er fleire usikkerheiter:

- Omstillingsprosessen med reduksjon i stillingar vil vere ferdig innan oppsett frist i mai 2024. Innsparinga knytt til leiarstilling og kommunepsykologstilling vil ikkje ha effekt på budsjett før oktober 2024 grunna innvilga sluttpakkar.
- For låge eller manglande driftsbudsjett knytt til fleire team/avdelingar.
- Auka kostnader knytt til PPT sitt fagsystem er ikkje lagt inn i budsjett for 2024

Førebyggjande helsetenester

Eininga driftar i balanse.

Lønsforbruket ligg på rett nivå.

Det er brukt 50% av driftsbudsjettet. Årsakene til høgt driftsbudsjett er fleire:

- innkjøp av ny bilirubinmåler til barseloppfølging av nyfødde ved nærjordmorsenteret (65000 kr). Det var ønskeleg å få denne på førre budsjett, men grunna sein levering kommer den på 2024 budsjett.
- nokre midlar har vi fått/ får refundert som vaksiner, refusjonar blir ført på inntekt.
- programvarelisens til Visma for fagprogram er betalt t.o.m. juni 2024.
- Opplæring/ kurs ligg noko høgt grunna vidareutdanningar hos tilsette.

Eininga har fått tilsegn om statlege midlar til prosjekt styring og utvikling av helsestasjon- og skulehelsetenesta på ca. 2,42 millionar for 2024. Midlane er pr. i dag ikkje mottatt, men dette vil gi grunnlag for vidare drift på dagens nivå.

Per no er berre 2% av budsjetterte inntekter på nesten 3 millionar er inntektsført. Det er heller ikkje inntektsført refusjon for jordmortenester frå Helfo så langt.

Barnehagar

Alle dei kommunale barnehagar driftar innanfor tildelt budsjett.

Vi rapporterer meirforbruk på ca. 3 millionar på barnehageområdet. Dette er knytt til auka vedtak § 31 og § 37 i barnehagelova.

Nærmare om styrka tilbod barnehagebarn: Det er kome 12 nye vedtak §31 og 8 nye vedtak §37 etter november 2023, og det er ikkje budsjettmidlar til desse vedtaka. Hausten - 23 hadde vi 55 barn som mottok spesial-pedagogisk hjelp og per dags dato er det 67 barn. Det er også to barn på venteliste som ikkje har fått vedtak om spesial-pedagogisk hjelp.

På bakgrunn av den store auken i hjelpebehovet har det vore naudsynt for kommunen å lage avtalar med barnehagane for å få utført den spesialpedagogiske hjelpa, då vi ikkje har nok

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

spesialpedagogar i Fagsenteret. Utbetalingane har vore høgare enn forventa, og vi klarar ikkje å drifta innanfor tildelt budsjett.

Kor stort meir forbruket blir i 2024 er usikkert då vi ser at stadig fleire barn treng ekstra hjelp og støtte. Vi vil ha eit meirforbruk på §37 på ca. kr 1,5 millionar dersom alle barn som ikkje startar på skulen held fram med same vedtak hausten 24. I tillegg kjem eventuelle nye vedtak. Vi vil også ha meir forbruk på §31 våren 24 på ca. kr 1,5 millionar, med bakgrunn i kraftig auke i hjelpebehov og vedtak.

Tilskot til private barnehagar: Det er utbetalt kommunalt tilskot for 6 månader av 2024. Det er nokre fleire plassar i bruk våren 2024 enn forventa, men vi har ikkje endelege tal for nytt barnehageår pr. august. Vi veit at tal plassar vil gå ned frå august og har som alltid budsjettert med innsparing for hausten. Det kan være vi har budsjettert med for høg nedgang i barnetalet frå august. Elles er det usikkerheit rundt kjøp av barnehageplassar i andre kommunar og nivå på søsken-moderasjon og redusert foreldrebetaling som kommunen skal kompensere barnehagane med.

Tiltak – Oppvekst

Det blir arbeida med å realisere tiltak i Omstilling 25 i heile oppvekst. Det fleste tiltak blir rapportert på "grønt", dvs. gjennomført eller planlagt for gjennomføring frå nytt barnehage og skuleår.

Utover dette blir det mellom anna arbeida med følgjande tiltak:

- Stram økonomisk styring og rettleiing. Tett dialog med einingsleiarane for å sikre kontroll på drifta
- Vi har stillingskontroll og behovsanalyse før tilsetjingsprosessar
- Sjukefråværsoppfølging i einingane
- Søkje om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)
- Hente inn uteståande refusjonar
- Innkjøp: berre nødvendig utstyr
- Utvikling av ulike gruppetilbod i Familiens hus med tanke på å nå fleire utan at det vert for ressurskrevjande for organisasjonen.
- Barneverntenesta: Det blir jobba aktivt for å redusere tal passeringar i institusjon. Dette blir gjort ved å sette inn ulike omfattande hjelpetiltak. Dette er kostnads-krevjande, men likevel billigare enn plassering.

På barnehageområdet der vi varsla meirforbruk knytt til §31 og 37. Her arbeider vi med følgjande tiltak:

- Alle vedtak §37 skal vurderast ilag med §31 opp mot prinsippet å kunne gje kvart enkelt barn eit heilskapleg hjelpetilbod.
- Starte kursing av ASK (alternativt supplerande kommunikasjon) for tilsette i dei barnehagane som har eit ASK vedtak. ASK skal vera ein del av det allmennpedagogiske tilbodet.

HELSE OG VELFERD

Prognose for 2024: Helse og velferd ser ut til å få eit overforbruk på ca. 17,1 mill. kr i 2024.

Sektoren jobbar godt med alle omstillingstiltak i samband med budsjettredtrekk og ein forventar ein større effekt av tiltaka i løpet av året

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Legevakt og legetenester ligger ann til eit meirforbruk på 8,1 mil kr som i all hovudsak skyldast høgare bruk enn ramma i budsjettet. Legevaktstasjonen i Eikelandsosen har ei budsjettamme for halvårig drift. Tar ein høgde for at saka vedr utgreiing av avvikling av dagens legevaktordning blir vedteken med innstilling om å oppretthalde drifta med ny driftsmodell, vil sektoren måtte finne dekning for omlag 1,5 mil kr innafor eksisterande rammar. Det er store kostnader kring Osøyro legesenter til mellom anna innleie av legar frå bemanningsbyrå for å sikre drifta. Dei to sjukeheimane melder til saman eit overforbruk på 6,5 mil kr og Nav eit overforbruk på 2 mil kr knytt til auka utgifter kring bistand til livsopphald, fleire brukarar og auka bu utgifter. Psykisk helse og rustenester melder eit meirforbruk på 500 000 kr. Dette skyldast at dei ikkje vil oppnå full effekt av tiltak i budsjett på nedtrekk av 5,5 årsverk. Eininga har jobbe svært målretta med omorganisering av eininga og ny organisering vil tre i kraft pr 01.09.24.

Pr mars mnd ser det ut som at dei andre einingane kan gå i balanse ved års-slutt. Da det ennå er tidleg på året så ser vi at prognosen fortsatt er noko usikker.

Kommunalsjef, økonomirådgjevarar og prosjektleiar for O 25 har månadlege møter med samtlege einingsleiarar og følger utviklinga tett. Sektoren og einingane er igang med å realisere budsjettvedtak gjennom omfattande omstillingsarbeid. Ein ser at sektoren no er svært pressa kapasitetsmessig, noko som påverkar omstillingsarbeidet. Det er difor ein viss uro om ein vil klare å realisere alle vedtak innan den tidsfrist som er gitt.

Forvaltning og koordinering

Ut frå måltal for mars så er dei fleste postar innan for måltal.

Den største uroa er knytt til auka kostnader til transport av dagsenter pasientar som ligger langt over måltal. Denne auka er ikkje tatt høgde for i budsjettet.

Det vart i november lyst ut ny anbodskonkurranse på transport av dagpasientar til dagsentertilbod i kommunen. Konkurransen hadde tilbodsfrist 17.01.2024. Kontrakten var delt i to delar – køyring til dagsentertilbod på Os-sida og køyring til dagsentertilbod på Fusa-sida. Tildelingskriteriet var 100% pris, og det skulle givast pris pr km. Det kom inn berre eitt tilbod i konkurransen og berre tilbod på Os-delen. Då pristilbodet var langt over oppdragsgivar sitt budsjett, og langt over forventa prisnivå, vart tilbodet avvist og konkurransen avlyst. Planen er å lyse ut konkurransen på nytt. Pr i dag betaler kommunen omlag 50 000 kr pr mnd for denne tenesta og om utviklinga fortsette så vil prognose ligge på 650 000 kr som vil utgjere eit meirforbruk på 650 000 kr ved års-slutt.

Det kan sjå ut som at kostnader til “fadderordninga” ved Os Bjørnafjorden Asvo ikkje er tatt høgde for i budsjettet. Dette utgjer ein årleg kostnad på ca. 1,3 mil kr.

Til tross for auka utgifter meldar eininga balanse pr mars mnd. Dette da bustadkontoret ligger godt under måltal og forvaltninga noko over. Det er usikkert korleis resultat vil utvikle seg i løpet av året.

Legevakt og legetenester

Meldar eit overforbruk på 8,1 mil kr.

Overforbruket skyldast kostnadar til drift av legevakta i Eikelandsosen som kostar meir enn budsjettert jf.. budsjettvedtak om avvikling av dagens organisering av Eikelandsosen legevaktstasjon. Her vil eit eventuelt politisk vedtak kunne få konsekvensar for inneverande budsjett da det berre er lagt inn driftsrammer med halvårig effekt. Vi ser og ei auke i utgifter

på tiltaket - incentivløn i "Bjørnafjordmodellen" som det ikkje er budsjettert for. Eininga har og hatt auke i lønnskostnader, auka husleige og utgifter til oppgradering av system.

Bjørnafjorden kommune har tatt over drifta av legeheimlane til Sjøkanten legesenter AS. Det var eit nødvendig tiltak som det ikkje er tatt høgde for i budsjettet. Kommunen må leige inn legevikarar frå Dedicare og dette er svært kostbart. Vi har avtale om drift gjennom Dedicare fram til 1.9.2024. Deretter har vi som mål å vere på plass med faste legar som eig heimlane og driftar kontoret. Dette er ein svært krevjande situasjon for Bjørnafjorden kommune både økonomisk og kapasitetsmessig. Det blir jobba aktivt med rekruttering av legar til kontoret.

Ein er i prosess med å gjere om Moberg legekantor til næringsdrift.

Nav

Meldar eit overforbruk på 2 mil kr

Dette skyldast i all hovudsak auke i økonomisk sosialhjelp og måltal visar eit forbruk på 35,2 % pr mars 2024. Det er auka utgifter til mottak av flyktningar og eit behov for å rekruttere inn nye tilsette for å sikre mottak av inntil 100 nye flyktningar i 2024 . Dette er utgifter som skal dekkast av integreringstilskotet som tilfaller kommunen.

Auke er som forventa grunna "dyrtid". Pr mars 2023 vart det 167 stønads-mottakarar, same tidsrom i 2024 er det 245 stønadmottakarar. Eininga følger utviklinga tett, har god internkontroll og jobbar aktivt med inkludering i arbeidsmarknaden som er det viktigaste tiltaket for å holde utgiftene nede.

Tilrettelagte tenester

Til tross for utfordringar med omlegging av drift for å oppfylle budsjettvedtak om å sikre drift av Søfteland bufelleskap innan eksisterande rammer, ser det ut som om eininga skal gå i balanse i 2024.

Psykisk helse og rustenester

Meldar eit overforbruk på 500 000 kr

Eininga har gjennomført eit stort omstillingsarbeid i samband ned nedtrekk jf. budsjettvedtak, der dei har sett på heile strukturen i eininga for å sikre faglege forsvarlege tenester og ein meir effektiv og berekraftig drift. Jf budsjettvedtak så skulle tiltaket ha effekt frå 01.07.24 . Grunna nødvendig omstillingsarbeid og turnus prosessar ser ein at ein ikkje kan klare å innfri vedtaket før 01.09.24 og meldar difor eit overforbruk.

Luranetunet

Meldar eit meirforbruk på 5 mil kr.

Dette skyldast i all hovudsak meirforbruk på løn grunna auka brukarbehov og høgt sjukefråvær.

Det har vært utfordrande å få lagt om drifta med nye turnusar og ny bemanningsfaktor. Det gjer at drifta er meir sårbar. Ved fråvær må vi ta inn vikar frå første fråværsdag. Ved melding om fråvær på kort varsel, og behov for vikar for å sikra fagleg forsvarleg drift ser vi at ein må ty til dyre løysingar som forskjøvet vakt og bruk av overtid. Eininga har utfordringar med å rekruttere sjukepleiarkompetanse på natt og har difor måtte leige inn denne kompetansen frå bemanningsbyrå for å sikre fagleg forsvarlege tenester. Ein ser og eit auka / endra

brukarbehov der det til tidare en naudsynt å måtte ta inn ekstra bemanning for å sikre fagleg forsvarlege tenester.

Eininga har og eit nedtrekk på 5 mil kr jf. budsjettvedtak knytt til omgjering av sjukeheimplassar i 2024. Prosess er igang-sett for å innfri dette vedtaket. Økonomikonsulent saman med kommunalsjef jobbar tett opp mot einingsleiar for å følge utviklinga.

Heimetenester Os

Til tross for utfordringar med til tider høgt sjukefråvær og auka tal brukarar meldar eininga budsjett i balanse for 2024.

Ein ser ei betydeleg auke av brukarar det siste året. Frå 01.01.23 til i dag er det auka med 73 nye brukarar. Oppdraga blir meir og meir omfattande og spesialiserte noko som førar til at ein til tider må ta inn ekstra bemanning for å sikre fagleg forsvarlege tenester. Dette markast særleg etter at eininga har tatt ned bemanningsfaktor. Eininga ligger noko over på måltal for løn. Dette skyldast mellom anna bruk av overtid grunna høgt sjukefråvær, samt at det har vært utfordrande å rekruttere sjukepleiarkompetanse på natt.

Fusa Bu og Behandlingscenter og heimetenester

Eininga meldar eit meirforbruk på 1,5 mil kr.

Dette skyldast i hovudsak overforbruk på løn. Eininga har eit høgt sjukefråvær og ser ei betydeleg auke i endra brukarbehov. Ved melding om fråvær på kort varsel, og behov for vikar for å sikra fagleg forsvarleg drift ser vi at ein må ty til dyre løysingar som forskjøvet vakt og bruk av overtid. Det er krevjande å rekruttere til enkelte stillingar og særleg på natt. Eininga har difor måtte leige inn sjukepleiarkompetanse på natt frå bemanningsbyrå.

Eininga har bistand frå Nav arbeidslivssenter som eit førebyggjande tiltak sett opp mot sjukefråvær og arbeidsmiljø.

Tiltak - Helse og velferd

Sektor Helse og velferd står ovanfor store budsjettkutt inneverande år. Det har vært jobba godt med alle tiltaka i O 25. I budsjett for 2024 ligger det ytterlegare nedtrekk som utfordrar sektoren.

Samtlege turnustenester har tatt ned bemanningsfaktor og det forventast at ein vil sjå ein auka effekt av dette inneverande år. Einingane følger utviklinga tett gjennom forsvarlighet-indikatorer for at ein skal sikre fagleg forsvarlege tenester. Resultat vil bli rapportert tertial-vis.

Sektoren er og igang med utarbeiding av tenestekatalog. Dette for betre å kunne samstemme forventningar i kva som ligger i vedtak for tenestetildeling. Bruk av velferdsteknologi er ein viktig satsing, med mål om at teknologi skal vere første valet der det er naturleg. På denne måten vil ein i større grad sikre at ein brukar rett kompetanse på rett plass. Satsinga er viktig når ein veit at sektoren vil stå ovanfor store utfordringar kring tilgang på helsepersonell i framtida.

Når det gjeld kjøp av dagsentertenester ved Øvreeide gard så ser vi ut frå kostnader for perioden jan-feb. 2024 at vi må redusere inntaket av brukarar betydeleg i tida som kjem. For å halde budsjettet vil ein konsekvens kunne bli at ein vil få ei venteliste i forhold til inntak av nye brukarar. Dette vil vi fylgje tett og evt. også vurdere evt. ringverknadar.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kommunalsjef saman med prosjektleiar og økonomikonsulentar gjennomfører månadlege møter med einingsleiarane og overvaker utviklinga tett.

Einingane har fokus på å førebygge sjukefråvær og nyttar mellom anna bistand frå Nav arbeidslivssenter og bedriftshelseteneste.

Etter avvikling av bemanningsentralen jobbar sektoren no for å finne ein god modell for korleis ein kan sikre tilgang på vikarar og i større grad planlegge for fråvær med så kalla "buffer bemanning"

Sektoren har vekentlege møter i stillingskontroll. Dette for å kvalitetssikre og vurdere behov før stillingar lysast.

SAMFUNNSUTVIKLING

Prognose for 2024: Samfunnsutvikling ser ut til å få eit overforbruk på ca. 3 mill. kr i 2024.

Dei fleste av områdene går per mars i balanse. Det meldes om eit meirforbruk for samfunnsutvikling på om lag 3,0 mill. kroner, som skuldast snøbrøyting. Det er nokre usikkerheit knytt til meirforbruk for støttekontaktenesta. Aktivitetsnivået i byggebransjen gjer at det er ei viss risiko for at særleg byggjesak og kart og oppmåling ikkje klarar å nå sjølvkost, og dermed gå i underskot. Vakanse innafor desse områda blir ikkje fylt før aktivitetsnivået tek seg opp igjen.

Samfunnsutvikling – fagstab og fellesområde

Næringsavdelinga

Det meste av budsjettet er knytt til husleige (grunderpark) og diverse tilskot. Pr. mars er det meste av tilskota utbetalt, og forbruksprosenten er såleis høg.

Prognosen er at ein er i balanse.

Prosjektavdelinga

Prosjektavdelinga har ikkje vesentlege avvik i høve driftsbudsjettet. Ein har eit svært lågt driftsbudsjett, så mindre endringar gjer store utslag. Hovudgrunn for høgt forbruk er at løn er ikkje fordelt på prosjekta, vert gjort tertialvis. Ekstra utgift på anna løn er ikkje budsjettert, jf. tidlegare rapportert. Det er knappheit på tid og ressursar, då det er mange bestillingar og stor aktivitet tatt bemanninga i betraktning.

Innbyggarservice

Pr. mars er prognosen at ein er i balanse.

Plan, byggesak og oppmåling

Plan

Innafor sjølvkostområdet er det er usikkerheit knytt til inntektene. Budsjettet for 2024 er 900.000 høgare enn kva ein nådde i 2023. Førebels veit ein om fleire planar som er undervegs som vil gje inntekter til saksbehandlinga. Prognose for året er såleis fortsatt at ein når budsjettet. Plansaker utanfor sjølvkostområdet ser pr mars ut til å vere om lag på budsjett.

Byggesak

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Det er stor usikkerheit knytt til inntektene. Budsjettet for 2024 er 4 millionar høgare enn kva ein nådde i 2023, så det er stor fare for at dette sjølvkostområdet går med underskot i 2024. For tida er det vakansar på området, og desse vil bli heldt vakante i påvente av at inntektene tar seg opp. Det ein sparer på lønnsutgifter er truleg likevel ikkje nok til å kompensere for inntektssvikten, dersom ikkje aktivitetsnivået tek seg opp.

Kart og oppmåling

Det er usikkerheit knytt til inntektene innafor sjølvkostområdet. I 2023 var inntektene langt under budsjett og starten på 2024 er dessverre like lave. Budsjettet for 2024 er 2 millionar høgare enn kva ein nådde i 2023, så viss fare for at dette sjølvkostområdet går med underskot i 2024. For tida er det vakansar på området, og desse vil bli heldt vakante i påvente av at inntektene tar seg opp. Det ein sparer på lønnsutgifter er truleg likevel ikkje nok til å kompensere for inntektssvikten, dersom ikkje aktivitetsnivået tek seg opp. Kart og oppmåling utanfor sjølvkost ser pr mars ut til å vere om lag på budsjett.

Kultureininga

Det er ikkje spesielle utfordringar å melda. Det er ein viss usikkerheit knytt til støttekontaktar, og det er reell fare for eit meirforbruk.

Brann

Pr. mars er prognosen fortsatt at ein held budsjettet. Det er likevel stor usikkerheit knytt til sjølvkostområdet for feiing. I 2023 gjekk dette området med eit stort underskot, og gebyrauken er ikkje stor nok til å dekke dette inn. Potensielt kan dette føre til at området får eit meirforbruk på rundt 1 million i 2024. Dette er eit underskot som kan framførast, og få tilbake seinare år, men vil kunne gi området eit meirforbruk for 2024 isolert sett. Det er igangsett tiltak for å få ned kostnadene på sjølvkostområdet, samt auke inntektene. Prognosen pr. mars er at ein skal halde budsjettet.

Eigedom Drift

Pr. mars er prognosen fortsatt at ein vil holde budsjettet. Ein ligg p.t. godt an på lønnsutgifter. Prognosen for driftsutgifter er usikre så tidleg på året, men ein nøkkelfaktor er straumprisen, og korleis straumkostnadane ender i forhold til budsjett. P.t. ser det bra ut. Husleigeinntektene er i rute.

Samferdsle

Det har vore ein hard start på året med fleire store snøfall, dette kostar for samferdsel. Og det blir overskridingar i år og på vinterdrift. Førebels ligg det an til eit meirforbruk på om lag 3,0 mill. kroner.

Vatn og avlaup

Vatn

Pr. mars er prognosen at ein er i balanse. Rentenivået har falt gjennom vinteren og gjer at dei kalkulatoriske rentene nok blir lågare enn budsjettert. Dette gjer isolert sett at ein kan få eit overskot. Sidan ein har eit fremførbart underskot på 3,4 millionar vil ein behalde overskotet og få ein positiv prognose. Erfaringa viser likevel at det er ein viss risiko for vassledningsbrot ut over det ein har budsjettert for, og det gjer at ein likevel ikkje melder om eit overskot for 2024, før ein veit meir om kor mykje vassledningsbrot ein får i løpet av året.

Avlaup

Pr. mars er prognosen at ein er i balanse. Rentenivået har falt gjennom vinteren og gjer at dei kalkulatoriske rentene nok blir lågare enn budsjettert. Dette gjer isolert sett at ein kan få eit overskot, men dette overskotet må i sin heilheit settast av på fond.

Privat slam

Pr. mars er prognosen at ein er i balanse. Området har eit stort sjølvkost-fond, som ein må bruke opp. Ein planleggar difor eit underskot på dette området, som skal dekkast av dette sjølvkostfondet.

Kalkulatoriske postar

Rentenivået har falt gjennom vinteren. Det gjelder også 5-års SWAP rente, som ligger til grunn for kalkylerenta innan VA-området. Dette fører til lågare rentekostnader for VA området, men også tilsvarande lågare kalkulatoriske renteinntekter for kommunen. Dette området må og sjåast i samanheng med kommunen sine ordinære renteutgifter.

Bjørnafjorden, den 24.04.2024
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef